

**”Med på laget i 2008?”**

Dette spørsmålet stilte eldsjelane bak Festidalen då dei inviterte til informasjonsmøte i Dønhaugkjedlaren laurdag kveld.

- Vil du vera med på å gjera Festidalen 2008 til den beste festivalen nokon gong, var det utfyllande spørsmålet.

Men diverre møtte det frå møtestart fram berre fire – i tillegg til fire styremedlemmer. Også dei fire andre hørde til ”den harde kjerne”.

- Vi er sjølvsagt skuffa, vi hadde venta fleire, men er slett ikkje motlause, sa styremedlemmene til uskedalen.no. Ganske mange har teke kontakt med dei både før og etter annonseringa av møtet slik at dei no har eit 20-tal interesserte på blokka. Desse vil bli innkalla til eit møte for fordeling av arbeidsoppgåver. Ikkje minst er det trong for eit større kvinneleg innslag,

Dette er nokre av oppgåvene som ventar:

Blestarbeid, sponorarbeid, orkesterhandtering, film og foto, lyd/scene, backstage, frivilligorganisering, mat og drikke, campingdrift, rigging og utsmykking.

Av Ola Matti Mathisen